

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.11.2023

Vår ref.: 202317336-2 Oppgi ved kontakt

Saksbehandlar:

Silje Aakre Solheim

saas@nve.no


Dykkar ref.:

Høyring av søknad om erosjonssikring ved Sogn handelspark, Sogndal kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå ADA Sogndal AS, datert 3.11.2023, om løyve til å erosjonssikre ei strekning i Sogndalselvi ved Sogn handelspark. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Sogn Avis. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Arne Kringlen på tlf. 95117875 eller e-post: arne.kringlen@norconsult.com.

Kva søknaden gjeld

ADA Sogndal AS søker om løyve til å erosjonssikre ei strekning på om lag 170 m i Sogndalselvi ved Sogn Handelspark. Sjå figuren under. I søknaden er det lagt fram tre alternativ for erosjonssikring. Sogndalselvi er verna etter Verneplan IV for vassdrag (1993).



Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre www.nve.no/konsesjonssaker
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale [aktuelt saksnummer]» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **24.1.2024**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I tillegg vil vi vurdere tiltaket opp mot § 35 om andre vassdragstiltak i verna vassdrag. Eit vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Norges Miljøvernforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Sogndal Turlag
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE

Kopimottakarliste:

NORCONSULT AS AVD FØRDE - Arne Kringlen
ADA SOGNDAL AS